



Vest brann- og redningsregion



Branntryggleik i båt



Tryggare med varsling

Propanlekkasje, kullosforgifting og brann er reelle farar i båt. Overnattar du i båten anbefalast gassvarslar, CO-varslar og røykvarslar. Du må også ha lett tilgang på fungerande sløkkjemiddel.

PROPAN

I fritidsbåtar brukast ofte propan til oppvarming, matlaging og til å drive kjøleskap. Feil på gassapparat og utstyr eller feil bruk kan føre til brann, eksplosjon eller kullosforgifting. Propan er ein tung gass, som ved ein lekkasje legg seg langs golvet. Ved propanlekkasje er ein liten gnist frå det elektriske anlegget nok til at det vert eksplosjon og brann. Dersom gassapparat brukast innandørs med dårleg lufting, kan forbrenninga føre til at oksygenet forsvinn slik at personar som oppheld seg i rommet kan verte kullosforgifta og kvelt.

FARE FOR KULLOS

Mange har aggregat og dieseldrivne varmeapparat i båten. Den luktfrie gassen kullos (CO) er vanskeleg å oppdage, spesielt når ein søv. Monter ein CO-varslar dersom du brukar slike innretningar.

BRUK AV OPEN ELD

Ver forsiktig og årvaken ved bruk av fyrstikker, stearinlys og ved røyking.

EL-ANLEGG I BÅTEN

Sørg for at elektrisk anlegg og elektrisk utstyr er føreskriftsmessig installert og vert brukt som forutsett. Kvalifisert kontroll, ettersyn og vedlikehald bør gjennomførast før sesongstart. Sjå nøye på gjestehamna sine reglar for tilkopling og bruk av straum.

RØYKVARSLAR OG SLØKKJEMIDDEL

Sørg for å ha fungerande røykvarslar dersom du skal overnatte i båt. I ein båt er det mykje brennbart materiale, samt kokeapparat, grillar og andre antenningskjelder. Dessutan ligg ein så tett i båthamna at ein brann spreier seg raskt. Vidare kan det vere trangt og vanskeleg å kome seg ut frå lugarane. Monter difor røykvarslarar i båten og ha ein plan for rask evakuering. Sørg for fungerande og lett tilgjengeleg sløkkjemiddel.



Bruk av gass i båt

Det brukast mykje gass i fritidsbåtar. Bruk og oppbevaring av gass krev forsiktighet. Propan synk ned i botnen av båten, dersom det oppstår lekkasje. Installasjon av gassvarslar aukar tryggleiken.

UNNGÅ LEKKASJE

Propananlegg, koke- og varmeapparat må installerast, kontrollerast og reparerast av fagfolk for å avdekkje eventuelle lekkasjar. Sjekk sjølv røyr og koplingar regelmessig slik at du unngår lekkasje. Les bruksanvisninga før nytt utstyr takast i bruk og flasker bytast. Ver obs på at maks tillaten lengde på gassslange er kun 1,2 m i båt. Denne lengda er tillaten mellom flaske og røyr, og igjen tillaten frå røyr til gassapparatet. Fleksibel, armert stålslange godkjent for gass kan erstatte koparrøyr og stålrøyr. Gassbeholdninga skal maksimalt vere 22 kg. Steng alle utløp for bensin, gass eller olje når turen er avslutta.

BRUKT BÅT

Ved kjøp av brukt båt bør installasjonar og utstyr kontrollerast av kvalifisert personell.

VED KJØP AV UTSTYR

Det er produsent, importør og forhandlar som har ansvar for at utstyret er produsert i henhold til regelverket og at det er trygt å bruke. Utstyret skal vere CE-merka, og det skal følgje med åtvaringsmerking og brukarretteleing på norsk. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) oppfordrar forbrukarane til å vere bevisste når dei kjøper gassutstyr. Still spørsmål, ver kritisk og sjekk at dokumentasjonen er på plass. Det viktigaste er likevel at ein set seg godt inn i korleis utstyret skal brukast og haldast ved like, og kva slags avgrensingar som gjeld.

TI RÅD I BÅT

1. Søl ikkje med bensin eller olje. Stopp motoren og unngå røyking når du fyller bensin eller olje. Ha brannsløkkingsapparatet klart.
2. Elektriske anlegg, koke- og varmeapparat må installerast og reparerast av fagfolk.
3. Eldsfarlege væsker må oppbevarast i godkjente kannar og sikrast mot slingring.
4. Ha minst eitt 2-kilos brannsløkkingsapparat i båten.
5. Luft ut motorrommet. Bruk nasa for å finne lekkasjar. Stopp motoren straks du merkar lekkasje.
6. Ver tilbakehalden med bruk av choke.
7. Ved brann kan tankar eksplodere. Ha flyteutstyret klart til bruk og ver førebudd på å forlate båten.
8. Steng all tilførsel for bensin, gass og olje når turen er avslutta.
9. Fortøy båten slik at den lett kan løysast ut om ein brann skulle oppstå.
10. Brukar du linolje eller annan olje på trevirke i båten, husk at klutar med treolje kan sjølvantenne. Legg brukte klutar flatt til tork ute i friluft. Dynk dei deretter med vatn og kast i ein branntrygg behaldar.

GASSVETREGLANE

1. Propanbeholdarar skal alltid stå oppreist, og må aldri utsetjast for unormal oppvarming eller sterk solvarme.
2. Propanbeholdarane må aldri plasserast under terrengnivå, for eksempel i kjellarrom. Hugs at propan i gassform er tyngre enn luft.
3. Ver på vakt mot propanlekkasjar. Gass som lekk ut kan gjere lufta eksplosjonsfarleg og kan antenne av for eksempel open eld, glødande tobakk eller elektrisk gnist.
4. Finn eventuell lekkasje snarast mogleg ved å pensle konsentrert såpevatn på slangar og røyrforbindingar. Når gasstrykket setjast på vil såpebobler danne seg på lekkasjestaden.
5. Bruk kun slangar for LPG/propan. Sprukne eller defekte slangar må skiftast straks. Største lovlege slangelengde er 1,5 meter (men 1,2 i båt). Bruk slangeklemmer.
6. Hald alltid ei tent fyrstikk klar når apparatkranen opnast. Steng for gassen ved behaldaren når anlegget ikkje er i bruk, og hugs å kople frå regulatoren ved lengre tids fråvær.
7. Steng for gassen ved behaldaren og bring om mogleg behaldaren til ein trygg stad dersom det oppstår brann.
8. Hald alltid apparat og behaldar i god stand, men prøv ikkje sjølv å reparere skadar som oppstår. La propanforhandlar gjere kontroll og eventuell overhaling av apparat og anlegg med jamne mellomrom.
9. Studer monterings- og bruksanvisninga nøye før apparat og anlegg vert tatt i bruk. Spør forhandlaren dersom det er noko du er i tvil om.

Det er påbode å ha eigna flyteutstyr for alle personar om bord i fritidsbåt.

Ha alltid på flytevest når du er ute i båt!



Vest brann- og redningsregion

Brannfagleg samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i ein rekkje kommunar i Vestland fylke

www.vestbrannregion.no